

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 12.11.2021

SAKSHANDSAMAR: Terje Olav Øen

SAKA GJELD: Beredskapsarbeid i Helse Førde - handlingsplan 2021-2022

ARKIVSAK: 2020/3560

STYRET:

Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:

25.11.2021

STYRESAK:

075/2021

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orientering om beredskapsarbeidet til vitende.

Oppsummering

Beredskapsarbeidet i Helse Førde vert utført i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar. Beredskapsarbeidet er i stor grad knytt til handtering av ein pågåande pandemi. Dette har prega heile organisasjon. Sjølv om ein no har opna opp samfunnet, er det framleis trond for auka beredskapsinnsats for pandemihandteringa. Nye føringar frå sentrale styremakter stiller krav til både det regionale helseføretaket (RHF), helseføretaka (HF) og kommunane si yteevne, no også sett i lys av ein litt spesiell influensasesong med forventa høge tal på RS-virusinfeksjon hjå barn.

Det er godt samarbeid i helseregionen og ikkje minst med kommunesektoren.

Det vert gjennomført faste og tilfeldige bordøvingar (table-top), og i mindre grad fullskalaøvingar i siste periode. Sjukehusa gjennomfører brannvernøvingar i samsvar med krav, og vi har no oppdatert og modernisert brannsløkkingsøvingane ved bruk av VR-briller. Det er gledeleg å sjå at tilsette er aktive og øver som planlagt.

Planverk og beredskapssystem vert revidert ut frå erfaringar frå reelle hendingar, øvingar og andre endringsbehov i organisasjonen og samarbeidande etatar. Evalueringarbeidet er omfattande, og vi ventar at dette vert krevjande.

Fakta

Administrerande direktør(AD) rapporterer årleg på beredskapsarbeidet i helseføretaket. Styrande for arbeidet er nasjonal helseberedskapsplan og noverande regional beredskapsplan (2018-2021) som truleg vert forlenga gyldighet på. Her har Helse Vest ikkje starta formelt revisjonsarbeid. Ein planlegg for meir dynamisk planverk, i tillegg til fleire delplanar. Regional samordning av beredskapshandtering er det i mindre grad planlagt for. Under pandemiberedskapen har ein sett at dette krev særskild merksemd.

I styringsdokumentet frå Helse Vest er det gjeve føringar for at Helse Førde skal delta med kompetanse innan merkantilt, helsefag og beredskap i prosjektarbeidet knytt til etablering av eit forsyningssenter for beredskapsvarer, som var eit tiltak som RHFet starta opp i starten av pandemihandteringa. Arbeidet held fram og vil truleg også omfatte fleire varetypar.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- *vidareutvikle beredskaps- og smittevernplanar i lys av erfaringar og evalueringar av koronapandemien og tidlegare hendingar og øvingar.*

Dette arbeidet er dynamisk og vil vere det under heile pandemihandteringa. Helse Førde har utvikla eit dekkande beredskapsplanverk for handtering av covid-19-pandemi, og no også med tanke på større utbrot av RS-virus.

- *følgje opp erfaringane frå og evalueringane av handteringa av koronapandemien.*

Beredskapsarbeidet knytt til pandemihandteringa fører til stadig oppdatering og endringar av delplan smittevern og pandemi.

- *delta i arbeidet med revidering av regional helseberedskapsplan, inkludert utvikling av delplanar.*

Arbeidet er nyleg starta i regionalt beredskapsutval. Ein har bedd styret i Helse Vest RHF om ein endra tilnærmingsmåte for beredskapsplanlegging, der ein ser verdien av at delplanane vert meir dynamiske og oppdaterte/endra etter behov.

- *delta i nasjonal atomberedskapsøvelse 2022*

Helse Førde vil delta i den grad vi vert involverte. Hovudsakleg vil øvinga Arctic Rhein 2022 skje i Nordland og Troms.

- *delta med relevant kompetanse i prosjekt «Felles forsyningsløysing i Helse Vest».*

Helse Førde leverer aktuelle ressursar til dette.

Mesteparten av beredskapsarbeidet er knytt til pandemi og beredskapssituasjonen. Det har i mange månader vore dagleg rapportering til HV RHF og Helsedirektoratet. No er ein gått over til vektentlege samandrag på beredskapssituasjonen og rapportering på tal covid-19 pasientar og intensivkapasitet yrkedagane. Krava til regelmessig rapportering og frekvens vert justert etter nasjonale behov.

Helse Førde er representert ved beredskapssjefen i

- regionalt beredskapsutval i Helse Vest (for tida leiar) – faste videomøte (eitt eller fleire pr. månad). Det er ikkje gjennomført fysiske samlingar frå mai 2020 til november 2021.
- nasjonal beredskapssamling mellom RHF-a/HF-a – gjennomført september 2021.
- nasjonal helseberedskapskonferanse – ikkje gjennomført i 2021.

Administrerande direktør er fast medlem av fylkesberedskapsrådet, med beredskapssjef som vara.

Det vert gjennomført to årlege samarbeidsmøte mellom leiinga i Vest politidistrikt og Helse Førde, der administrerande direktør også deltek.

Det er igjen tatt opp med Helse Bergen seinast hausten 21 om Helse Førde kan få vararepresentantplassen i lokal redningssentral (LRS) Vest politidistrikt.

Gjennom pandemien har det vore mange møte (opptil fleire kvar veke) med kommunane gjennom taktisk samhandlingsgruppe, statsforvaltar, regionalt beredskapsutval, regionalt smittevernutval, fagdirektormøte og AD-møte/regional beredskapsleiing. Det har også vore gjennomført møte i fylkesberedskapsrådet.

Det har vore fleire undergrupper i arbeid med særskilde oppgåver knytt til logistikk og lagerhald, mellom anna av eingongsutstyr.

Siste halvåret har det vore forsyningsproblem knytt til medisinsk eingongsutstyr. Delvis skuldast dette ein storleverandør med forfalska dokumentasjon knytt til steril produksjon og, i seinare tid, større logistikkproblem knytt til import av varer frå spesielt Asia. Det vert mellom anna peika på manglende container- og transportkapasitet. For ein del viktige IKT-produkt manglar produksjonsmateriale.

Pandemien har i stor grad vist at samfunnet er sårbart og funksjonsevna til helsetenesta er avhengig av mange ledd og faktorar.

Helseføretaket har vore i ulike beredskapsgrader gjennom pandemien. Beredskapsnivået for pandemihandteringen har vore auka til gul beredskap ved to høve der ein har hatt utfordringar i høve uavklart smittesituasjon ved sjukehusa.

Frå iverksetting av pandemiberedskap 28. februar 2020 har ein hatt i alt 38 beredskaps-hendingar fordelt slik :

- IKT-bortfall 24 hendingar
- Generell beredskap 14 hendingar

Rød beredskap: 4 Gul beredskap: 7 Grøn beredskap: 25 Normal drift: 2

Rød beredskap er utløyst ved regionalt bortfall av IKT-funksjonar der mellom anna. nettverk har vore nede. Likeeins når ein nasjonalt kopla ut nødnett ca. 12 timer.

Sju av desse beredskapssituasjonane var planlagde forbetingstiltak som medførte at delplanar i Helse Førde sin beredskapsplan vart sett i verk.

Det har ikkje vore ulukker og større prehospitale funksjonar som har medført auka beredskap.

Som ein ser er mykje knytt til IKT-hendingar som gjer oss sårbare. Helse Førde har planlagt mange bøtande tiltak som har kome til nytte ved slike hendingar. Mellom anna var all mobiltelefondekning nede i Nordfjordområdet før sommaren. Då var likevel vaktfunksjonane sikra gjennom nødnett. Dette har medført at også ein ynskjer å ta nødnett i bruk innan psykisk helsevern.

Helsetilsynet har gjennomført ein sårbarheitstest av IKT i norske helseføretak. Rapporten peikar på fleire manglar knytt til kommunikasjonsløysingar. Helse Førde kom godt ut av dette med mange bøtande tiltak planlagt.

Fleire IKT-hendingar har svekka svarkapasiteten overfor publikum og andre innringarar ved at «telefonsentralen» har mista kontakt med telenettet. Reserveløysingar har vore sett i verk og det har vore fleire møtepunkt med HV IKT om forbetingar av tenesta, som ein no reknar med er rimeleg stabil.

Innføring av nødnett i Førde sentralsjukehus vart starta opp i september 2020. All akuttvarsling og beredskapskommunikasjon er no etablert med nødnett i Helse Førde (somatikk).

Medikamentforsyning vert handtert regionalt/nasjonalt, og Helse Førde er avhengig av overordna styringssystem for dette. Under pandemien har Helse Vest RHF og Sjukehusapoteka Vest fått ein hovudansvar for delar av dette arbeidet.

Rutinar og planverk for sikkerheit er nærast ferdigstilt, men vi ventar på tydelege føringar frå Helse- og omsorgsdepartementet via regionalt helseføretak. Krav til kryptert informasjon vil kunne skje via avdelinga til Helse Vest IKT i Førde. Helse Førde har sikkerheitsklarert tre personar som skal fungere som beredskapsleiar ved beredskapshending.

Arbeid knytt til rigging av saneringsstasjonar ved alle sjukehusa og opplæring av personell har blitt sterkt forseinka. Arbeidet vert gjort i samarbeid med CBRNE-senteret. Det er sett i verk produksjon av saneringsstasjonar. Opplæring av sjukepleiarressursar til dekontaminering/sanering av pasientar skal gjennomførast våren 2022.

Gjennomføring av tiltak

Ut frå målsetjinga for beredskapsarbeidet i 2020/2021 har ein hatt fokus på desse oppgåvene:

- Fylgje opp avdelingane fortløpende i arbeidet med ROS-analysar og utarbeiding av standardisert tiltakskort knytt til ulike delplanar for beredskap.
- Oppgradering og utvikling av HelseCIM som er eit elektronisk handteringssystem for varsling og handtering av beredskap.
- Sikre innføring av nødnett i akuttmedisinske team og beredskapsorganisasjon.
- Støtte opp om regionalt forbettingsarbeid kring revisjon av lagerhald for helsetenesta og forsøke å etablere gode løysingar i helseføretaket.
- Delta i utvikling av sivilt/militært samarbeid i samhandling med dei andre helseføretaka.

Øvingar

Det er gjennomført varsling og sambandsøvingar for å øve prosedyretrening og samvirke. Øvingsplan for kommunikasjon er sett i verk seinhaustes 2021. Dei tre psykososiale støttegruppene har to årlege møte med mellom anna bordøving. IKT-staben vert regelmessig øvd, og det syner seg at det er rett satsing.

Vi klarer framleis ikkje å gjennomføre tilstrekkeleg tal øvingar med kommunane. Dette grunna manglande kapasitet både i kommunane og Helse Førde.

Helse Førde deltek i varslingsøvingar i regi av regionalt beredskapsutval. Det er i mindre grad gjennomført større reelle øvingar mellom nødetatane.

Hendingar, internkontroll og revisjon

Som tidlegare er hendingar også siste året knytt hovudsakleg til IKT-utfall med sviktande tilgang til pasientopplysingar frå elektronisk journal. Elles er vi i den lengste beredskapssituasjon vi nokon gang har hatt med pandemisituasjonen.

Det er gjennomført omfattande arbeidet med endringstiltak for planverk knytt til beredskapsorganisasjonen og beredskapsleiing. Dette vonar vi skal vere implementert andre kvartal 2022.

Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune har fått oppmading om å etablere database for elektroniske beredskapsplanar for tunnelane, slik at ein får betre og oppdatert oversyn over dei ulike tunellane i vårt område. Innspela til Helse Førde vert tatt med i vidare arbeid.

Sikring av beredskapsmateriell

Sjukehusa er sårbare med omsyn til forsyning av eingongsmateriell og likeeins dataverktøy. Årsakene er mangel på råvarer og transportutfordringar. Det er viktig at helsetenesta saman med storsamfunnet finn gode og tenlege løysingar for forsyningsteneste innan Norden/Europa.

Tilstrekkeleg lagringsplass for beredskapsutstyr som gjer det mogeleg med god sirkulasjon av beredskapsmateriell, vil også vere eit viktig tiltak.

Opplæring

Det vert gjeve beredskapsopplæring til nytilsette LIS1-legar og studentar/lærlingar som skal vere i praksis i helseføretaket. Det har i mindre grad vore opplæring på seksjonsnivå siste året.

Nytt av året er at ein har beredskap som tema på kurs i HMS for verneombod og leiarar.

Det er gjennomført eit kursopplegg for brannvernleiarar ved Nordfjord sjukehus og Førde sentralsjukehus, der høvesvis ansvarsvakt på medisinsk sengepost og portørar har denne funksjonen. Det er planlagt kurs også ved Lærdal sjukehus. Brannvernleiar på vakt er ein viktig funksjon knytt opp i mot branngryggleik, og ein har no forsøkt å tydeleg gjere denne og gjeve nødvendig basisopplæring.

Alle tilsette får tilbod om brannvernoplæring ved bruk av VR-teknologi. Dette er vi først med å gjennomføre i regionen. Det er tatt regionalt initiativ til å samordne dette via HV IKT.

Ein nytt bordøving på tvers av einingane som læringsmodell for handtering av pasientar med covid-19. Dette var svært nyttig og fekk fram kravet til samhandling i stor grad.

I samband med Nye Førde sjukehus vart det gjennomført ei større bordøving med mange deltakrar på tvers i organisasjonen. Øvinga gjekk gjennom fleire typar scenario med få og mange pasientar, og skulle få fram kva utfordringar ein står overfor i høve til mottak av smitta pasientar og eit større tal (inntil 30) pasientar som var ureina av kjemikaliar. Øvinga gav mange innspel til utforming av akuttmottak og pasientsløyfe for slike pasientar i sjukehuset.

Det er gjennomført fleire bordøvingar for lokal beredskapsleiing ved Nordfjord og Lærdal sjukehus.

Handlingsplan 2021-2022

Framleis vil ein halde fokus på pandemihandteringen, samt ev. utbrot av RS-virus. Det gode arbeidet knytt til informasjon om beredskap og opplæring i planverket vil halde fram, samstundes som planverket vert fornya og gjort meir tilgjengeleg.

Evaluering av pandemihandteringen vil krevje omfattande innsats. Vidare satsar ein på:

- Etablere god CBRNE-beredskap med saneringsstasjonar og kompetent personell
- Øve tilsette i god kommunikasjonsberedskap
- Samhandling med eksterne aktørar
- Øve tilsette gjennom ulike mindre scenario med tanke på å auke beredskapskrafta i

helseføretaket

- Halde fram med opplæring av leiarar og tilsette i beredskapsplanverk
- Utvikle beredskapsplan i samsvar med dei ulike einingane
- Etablere sikkerheitsorganisasjonen
- Gjennomføre tiltak som vert gjeve i styringsdokumentet
- Delta i varslingsøvingar
- Fylgje opp nasjonale føringar for beredskapsplanlegging

Konklusjon

Beredskapsarbeidet i vårt opptaksområde (Sogn og Fjordane) er prega av god kultur for samhandling på tvers av organisasjonar. Beredskapsarbeidet i Helse Førde er i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar.

Pandemihandtering har kravd stor innsats på beredskapssida, og det har i noko grad gått utover andre viktige gjeremål som har blitt sett på vent.

Organisasjonen forsøker å lære av hendingar og øvingar, men har til tider knappe ressursar å fylgje alt tilstrekkeleg opp. Beredskapsplanverk er viktig for organisasjonen, og ein vil forsøke å innføre nytt og revidert planverk i løpet av andre kvartal 2022. Planverket er dynamisk og krev samhandling på tvers i eigen organisasjon og med andre etatar og forvaltningsorgan.